



Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.
18/18-48/N - 000/KAUV

Dykkar ref.

Dato:
09.05.2018

Høyringsuttale frå Kvam herad til Temaplan for landbruket i Hordaland . 2017/14135

Kvam heradsstyre har i sitt møte 08.05.2018 gjort vedtak om følgjande høyringsuttale:

Kvam heradsstyre har fylgjande merknader til **Temaplan for landbruket i Hordaland 2018 – 2022:**

Nedbygging av jordbruksareal

Nasjonal kvote for nedbygging av dyrka jord er 4.000 da. Hordaland sin kvote for nedbygging av dyrka jord er sett til 140 da. Dette er 6 % av landskvoten. Når nedbygging av jordbruksareal er nødvendig, skal det alltid leggjast til rette for erstatningsareal. I kommunane sitt viktigaste planverktøy, kommuneplan – bindande arealplan, skal eigna erstatningsareal og areal for nydyrking leggjast ut.

Økonomien i landbruket.

Landbruket er ein sektor som er sterkt politisk styrt sentralt. Av den grunn er det naturleg å kommentera importvernet/tilskotsbruken sin verdi i temaplan som føresetnad for framtidig landbruk i Hordaland.

Ved utvikling av større småskalaverksemdar må dei regionale styresmaktene spela på lag sjølv om det ikkje alltid passar med vegplanar og 100-metersbelte.

Halda oppe bruksstrukturen. Sikra livsvilkår for små og mellomstore bruk.

Auka lønsemd i noverande produksjonar

Planen må oppdaterast på marknadssituasjonen. Med unntak av frukt, sider og grønt stangar ein pr. april 2018 i taket på mjølk og kjøt.

Det må satsast sterkare på utviklinga av mat og reiseliv der Hardanger har gode føresetnader.

Skog

Når no Fylkesmannen i Hordaland trekkjer seg ut som aktør på skogsvegbygging, er det svært ynskjeleg at Hordaland Fylkeskommune overtek denne rolla.

Arealforvaltning

Planen må få tydelegare fram kva handslingsrom som ligg i kommuneplanen sin arealdel for utvikling av nye næringar i landbruket og informera om dette dei som driv med landbruk.

Den landbruksfaglege kompetansen i kommunane må haldast oppe.

Vektlegga landbruket som forvaltar av kulturlandskapet.

Sjølv om høyringsfristen gjekk ut 1. mai, håpar me likevel at innspela frå Kvam herad vert tekne med.

Helsing

Kari Weltzien Vik

Administrativ rådgjevar

Telefon: 56553022

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Jon Nedkvitne